# Tiltaksplan arbeid med språk i barnehage og skule, Stord kommune 2018 - 2019

| | Ansvarleg | Involvering | Kjenneteikn på god praksis | Start – slutt | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| **Innsatsområde 1: Skapa samanhengar mellom barnehagen og skulen sitt språkarbeid.**<br><br>Tilsette i barnehage og småskule har god kunnskap om språkarbeidet som vert drive på begge arenaer.<br>Lærarar i barnehage og skule har faste møtepunkt for å utveksla erfaringar frå arbeid med språk.<br>Alle tilsette i skule og barnehage er gode rollemodellar som jobbar systematisk med språk, omgrep og omgrepsforståing gjennom kompetanseprogrammet Språkløyper.<br><br>Tiltak 1:<br>Laga rammer for språkplan og finna ein struktur på korleis den skal sjå ut. Leggja til rette for ein enkel måte å «lima inn» gode tips og idear på i ei mappa som alle har tilgang til undervegs i prosessen.<br><br>Tiltak 2:<br>Alle tilsette vert informert om denne planen, og måten den skal lagast på.<br><br>Tiltak 3:<br>Alle tilsette bidreg i arbeidet | Rektor /einingsleiar i barnehagen/ ressurspersonar.<br><br>Rektor/einingsleiar/ arbeidsgruppa.<br><br>Rektor/einingsleiar/ressurspersonar | Alle tilsette<br><br>Ressurspersonar<br><br>Alle tilsette | Språkplan skal bli ein god arbeidsreiskap for alle tilsette, med konkrete kjenneteikn på god praksis når det gjeld<br>- språkutvikling, omgrepsutvikling og kommunikasjon i barnehage<br>- begynnaropplæring og tidleg innsats retta mot lesing og skriving i dei første skuleåra<br>- lese- og skrivestrategiar som kan hjelpa elevar til å forstå, tolka og reflektera over vanskelege tekstar på mellomtrinn og i ungdomsskulen.<br><br>Rektor/einingsleiar og arbeidsgruppa prioriterer dette arbeidet tidleg i prosjektet.<br><br>Alle tilsette er kjent med planen, og bruker den i arbeidet sitt kvar dag. | Start januar 2018<br><br>Januar 2018<br><br>Målet er å ha ein ferdig plan innan | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| med å utvikla og revidera planen. | | | | utgongen av 2018. |
| **Innsatsområde 2: Styrka språkarbeidet i den første lese- og skriveopplæringa.**<br>Alle tilsette i skule og barnehage er gode rollemodellar som jobbar systematisk med språk, omgrep og omgrepsforståing gjennom kompetanseprogrammet Språkløyper.<br>Alle lærarar som jobbar med tidleg lesing, og i begynnaropplæring i lesing og skriving, har særskilt kompetanse på området.<br>Barnehagane og skulane har lærarar med særskilt kompetanse på språkopplæring for nykomne og minoritetsspråklege barn.<br><br>Tiltak 1:<br>Alle skular startar med oppstartspakke økt 1, 2 og 3 og barnehagar startar med «Språk og leseaktiviteter» økt 1, 2, og 3.<br>Kvar eining lagar ein plan med utgangspunkt i ståstadanalyse.<br><br>Tiltak 2:<br>Møtast i nettverk for deling av prosessar og fagleg påfyll.<br><br>Tiltak 3:<br>Sjekka at endring av praksis skjer ved å forventa dokumentasjon, delta i samtalar, observera aktivitet og skapa ei forventning om endring. | Rektor/einingsleiar/Ressurspersonar<br><br>Rektor/einingsleiar/Ressurspersonar<br><br>Rektor/einingsleiar | Alle tilsette<br><br>Ressurspersonar | Rektor/einingsleiar/utviklingsgruppa har en god plan for kompetanseheving og set av tid til informasjon slik at ein har forankring hos dei tilsette.<br><br>Personalet nyttar metodane i språkløypepakkane, og jobbar likt for å nå måla.<br><br>De tilsette har dei grunnleggjande dugleikane «fremst i panna».<br><br>Tilsette ser verdien av god språkinnlæring i kvardagskommunikasjon.<br><br>Me har engasjerte vaksne som «går laus på bokhylla» etter ein språkløypepakke.<br><br>Personalet er bevisste på at dei er språklege rollemodellar, og har eit tilnærma felles «omgrepskart».<br><br>Elevane «sluker ikkje alt rått», men utfordrar lærarane i samtalar og diskusjonar.<br><br>Foreldra er inkludert og involvert i arbeidet med språkutvikling.<br><br>Me snakkar om språksatsinga i alle samanhengar der det er naturleg.<br><br>På skulen vår og i barnehagen er det synleg at språk er viktig – både klasserom, på avdelinga og i fellesområder. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | Me ser viktigheita i å kartlegga elevane og følgja opp utviklinga av dei grunnleggjande dugleikane (i utviklingssamtalar, IOP, nasjonale prøvar, skriveprøven med fleire). | |
| **Innsatsområde 3: Tidleg identifisering av barn og elevar som strevar med språk, lesing og skriving og oppfølging med tilpassa tiltak.**<br>Barn med språklege utfordringar vert fanga opp gjennom observasjon og kartlegging, og vert følgd opp så tidleg som råd i utviklingsløpet.<br>Kommunen har system for gjennomføring og oppfølging av resultata etter kartleggingsprøvar på 1. – 3. trinn.<br><br>Tiltak 1:<br>Alle tilsette er kjent med, og jobbar etter modell for Betre Tverrfagleg Innsats. Alle tilsette kjenner til handlingsrettleiaren som er å finna på kommunen sin nettstad.<br><br>Tiltak 2:<br>Tilsette nyttar, i samråd med føresette, Stafettloggen til å dokumentera og evaluera tiltak som vert sett i verk når det er uro knytt til barn si språk-lese-skriveutvikling. | Rektor/einingsleiar/Arbeidsgruppa<br><br>Rektor/einingsleiar/Ressurspersonar | Alle tilsette<br><br>Alle tilsette | Me jobbar i lærande nettverk innad i skulen, i mellom skulen og barnehagen.<br><br>Me har fast struktur (mal) for gjennomføring av lærande møter.<br><br>Me deltek i utforskande samtalar om eigen og andre sin praksis.<br><br>Me er konstruktiv kritisk til eigen og andre sin praksis.<br><br>Me utfordrar kvarandre på praksisen me driv. Me deler kunnskap og erfaringar frå språkpraksis i barnehage og skule.<br>Barna/elevane kjenner seg igjen i språkmiljøet i overgangen barnehage-skule. | |
| **Innsatsområde 4:** | | | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Arbeid med litteraturformidling og leseglede.**<br>Tilsette i barnehage og skule har god litteraturkunnskap og nyttar variert litteratur medvite for å fremja læring og leseglede.<br>Bibliotek vert nytta aktivt og systematisk. | | | | |
| Tiltak 1:<br>Det vert sørgja for at einingane har god tilgang på tilpassa nynorsk litteratur som barna/elevane synes er spennande. | Rektor/einingsleiar | | | |
| Tiltak 2:<br>Det vert sett av tid til å skapa gode leseopplevingar saman med og for barna/elevane. | Rektor/einingsleiar | | | |
| Tiltak 3:<br>Kompetansen til biblioteket vert systematisk nytta. | Rektor/einingsleiar | | | |